

Utfyllande prosjektinfo

Hausten 2018 har Manger Musikklag (MML) eit tett program og skal delta i to konkurransar. Siddis Brass i Stavanger og Brass in Concert (BiC) i Newcastle. Begge er konkurransar der underhaldningsmusikk vert satt i fokus, og MML kjem med nyskriven programmusikk i bagasjen. Vår sjefsdirigent, Martin Winter, skal skrive eit 20 minuttars program der han har henta inspirasjon av kunstnaren Pablo Picasso. På 20 minuttar skal lyttaren bli guida gjennom eit kunstgalleri, der Irene Winter, kona til Martin, er guide. Meir info om Siddis Brass finn ein her: <http://www.siddisbrass.no>

I forkant av avreisa til Stavanger og Siddis Brass, arrangerer MML i tradisjon tru ein Før-Siddis konsert. Her vert det urframføring av musikken, samt at våre nabokorps kjem å speler sine Siddisprogram. Dette er ei god anledning for dei musikkinteresserte i lokalsamfunnet til å høre mykje god underhaldningsmusikk av lokale korps, og det er servering av kaker og kaffi i pausen.
Alle konsertar i regi av MML er gratis for skulekorpsmusikantar.

To veker etter Siddis tek me igjen med oss Martin, Irene og Picasso og vender nasa mot Newcastle og den prestisjetunge **Brass in Concert** (BiC). Dette er fyrste gong MML deltar på BiC sidan 1980-talet. Før konkurransen skal MML spele ein konsert saman med eit eller fleire lokale band. Detaljane er ikkje heilt lagt for denne konserten, men då vert det spelt perler frå Noreg. Meir info im BiC kan finnast her:
<http://www.brassinconcert.com>

Eventuell støtte til desse prosjekta vil gå til å dekke bestillingsverket av Martin Winter, speletimar for dei ulike instrumentgruppene med profesjonelle instruktørar som kan få oss til å spele betre og heve nivået endå meir, samt å arrangere Før-Siddis konserten.

Medlemmane i MML betaler det meste av reisene frå eigen lomme, og me jobbar sjølvsagt med å halde kostnadane nede ved å ta dei dugnadsoppdraga me kan, og søker private og offentlege aktørar om stønad.

Tredje søndag i advent inviterer MML til den tradisjonsrike Julekonserten i Manger Kyrkje. Saman med sopranen Lydia Hoen Tjore garanterer me julestemning. I år stefter me eit nytt bekjennskap med orkesterdirigenten Trond Husebø. På denne konserten står det mange klassiske jule-perler på programmet, men me prøver også å spele ny og stemningsfull musikk av lokale komponistar og arrangørar. Difor set me av pengar i budsjettet til arrangering av nytt repertoar.